

Vahaugen velforening
c/o Øivind Olsnes
Vahaugen 26
5913 Eikangervåg

28.02.17


Lindås kommune
postmottak@lindas.kommune.no

Søknad om dispensasjonar ved frådeling Gbnr 212/102 Eikanger Øvre
Dykkar ref. 16/2193 - 16/27335 og 16/2192 - 16/27367

Syner til møte på Lindås rådhus med Siril T. Sylta den 28.02.17 der oppfølging av frådelingssaker i Vahaugen vart drøfta.

I sak 2016/2193 er det gjeve løyve til å dele frå ein parsell på 396 m² i vedtak datert 03.10.2016.
I sak 2016/2192 er det gjeve løyve til å dele frå vegareala (som skal overtakast av kommunen) i bustadfeltet i vedtak datert 03.10.2016.

I samband med oppmålinga er det avdekka avvik frå plassering av snuhammar frå slik den er bygd og slik den er plassert på reguleringsplankartet. Avviket går fram av vedlagte oversiktsfoto.



Det same vart avdekka ved naustparsellen som skal delast frå, der det er avvik mellom den regulerte grensa for naustføremålet og føremålet for felles gangveg.



I møtet vart det opplyst om at oppmåling i samsvar med slik vegen er bygd/nye grenser for nausta krev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Vi søker derfor her om dispensasjon, der vi ber om endring av delingsvedtaka slik det er vist
ovanfor.

Vi grunngeving søknad om dispensasjon med at dette er mindre avvik frå reguleringsplanen, og for å få dei nye grensene i samsvar med dei faktiske forholda på staden. Det vil her vera snakk om mindre avvik frå planen, og dette får ingen verknad for planen som styringsverktøy.

Vi imøteser ei snarleg oppfølging av søknad og fullføring av frådelingar, som avtalt utan krav om ytterlegare gebyrkostnader.



Øivind Olsnes
for Vahagen velforening

Med venleg helsing



Steinar Haukås
Grunneigar Gbnr 212/102

Vedlegg:

Kartvedlegg som syner kva dispensasjonen gjeld